




John Gabriel  
Borkman




**Ståle Bjørnhaug**

**Mi første rolle i eit Ibsen-  
stykke var i 1977 på  
Den Nationale Scene. Eg  
spelte Jørgen Tesman i ei  
omdiskutert oppsetjing av  
«Hedda Gabler». Charles  
Marowitz hadde regien.**

**Neste møte med Ibsen var som  
Brand på Trøndelag Teater i  
1986. I 1987 spelte eg Keisar  
Julian i andredelen av  
«Keisar og Galilear» på  
Det Norske Teatret.**

**Det å prøve å trenge inn i  
Ibsens verd, t.d. i roller som  
Peer Gynt eller Brand, må vere  
noko av det mest interessante  
ein skodespelar kan få gjere.**



**Morten Borgersen**

**Utdanna skodespelar ved Statens Teaterhøgskole. Debut 1970. Har arbeidd ved dei fleste teater i Noreg. Teatersjef ved Teatret Vårt 1991-97 og no ved Teater Ibsen. Instruktør med om lag 20 framsyningar, m.a. «Victoria» av Knut Hamsun, «Lasso rundt fru Luna» av Agnar Mykle og «Skammen» av Bergljot Hobæk Hoff.**

## **JOHN GABRIEL BORKMAN**

av Henrik Ibsen

Omsetjing: Marit Tusvik

Regi  
Scenografi/kostyme  
Lysdesign  
Koreografi

John Gabriel Borkman  
Gunhild Borkman  
Ella Rentheim  
Vilhelm Foldal  
Fanny Wilton  
Erhart Borkman  
Frida Foldal

Inspisient  
Maske  
Lyd  
Lys

Rekvisitør  
Sufflør  
Scenekoordinatorar

**MORTEN BORGERSEN**  
**ÅSE HEGRENES**  
**OLE RANDERS**  
**HEGE TVEDT**

**STÅLE BJØRNHAUG**  
**RAGNHILD HILT**  
**BRITT LANGLEIE**  
**SVERRE BENTZEN**  
**MARIANNE KROGH**  
**ERLAND BAKKER**  
**LENA SANDVAND**

**PELLE GUSTAVSEN**  
**MARIT FRAMSTAD**  
**MENY BLOCH**  
**JØRN LANGSHOLDT /**  
**ESPEN GRAVKLEV**  
**MARIT FJELDSTAD**  
**SISSEL LILLO-STENBERG**  
**KARL OTTO TANGEN /**  
**BIRGER KINGSRØD**

**Foto: ESPEN TOLLEFSEN**

*Programredaksjon: Morten Borgersen, Ola E. Bø,  
Cecilia Ölveczky, Signe Bjørnvik, Ida Michaelsen  
Grafisk formgeving: Knut-Jarle Hvítmyhr  
Trykk: Falch AS*

Première 5. februar 2000 på Scene 2

## JOHN GABRIEL BORKMAN - EIT SPEL OM LIV OG DØD

John Gabriel Borkman er ikkje eit gjennomsnittsmenneske, men ein av Ibsens største dramakaraktarar. Draumen hans er å skape verda om og herske over henne ved å løyse bundne krefter, slik at det kan bli eit «forbundsliv» mellom alle menneske. Men han tek i bruk slike middel at resultatet blir det motsette - menneskeleg ulukke, einsemd og død. I dette portrettet møter vi vrang-sida av førestellingane om overmennesket som set seg sjølv i Guds stad. Som den djuptloddande diktaren Henrik Ibsen var, såg han klart dei farlege sidene ved den viljen til makt som hadde vekt slik atterklang mellom mange i hans eiga samtid. Og når han let oss møte eit menneske som lever etter ei slik lære, får det form av eit skræmde, men samstundes djupt gripande portrett, på grunn av den kunstneriske krafta og poesien det er teikna med.

John Gabriel Borkman viser alt i det ytre skyldskap med ei rekkje tidlegare Ibsen-karaktarar, blant dei presten Brand i skodespelet med same

namn. Begge er menn med eit kall. Tilsynelatande er målet edelt nok for dei begge: Brand vil frelse menneska ved å fri dei frå synd og gjere dei fullkomne, difor freistar han å vende dei bort frå reint jordiske livsmål. Borkman vil skape «forbundsliv» mellom alle menneske gjennom den makt han har over gullet. Men det er ikkje «forbundslivet» og skyldfridomen som er det viktigaste. Målet for dei begge er å herske over menneska og forme dei i sitt eige bilete. Det er ein maktvilje som leier til menneskeleg isolasjon, undergang og død.

John Gabriel ber eit dobbelt førenamn som peikar mot det samansette konfliktstoffet i skodespelet - såvel det økonomisk-juridiske som det djupare eksistensielle. Det engelsk klingande «John» har samheng med rolla som moderne kapitalist, medan det bibelsk klingande «Gabriel» leier tankane mot erkeengelen med same namn - det som tyder «Guds mann», eller «Gud har synt seg sjølv sterk». Engelen Gabriel opptreir mellom anna i Daniels bok i Det gamle testamentet, der han varslar om ein konge som skal forfølge Guds folk og til sist reise seg mot Gud sjølv. Namne-

slektskapen med engelen er kanskje ikkje tilfeldig.

Også John Gabriel drøymar om å gjere seg til herre og herskar over verda. Når Vilhelm Foldal, den einaste venen han har attende, held fram for han at det ikkje finst juridisk grunnlag for den oppreisinga Borkman drøymar om, svarar han bryskt: «Behøves ikkje for undtagelsesmennesker!»

Oppførselen hans mot dei som skulle stå han nær verkar skræmde. Kjærasten Ella gav han avkall på fordi han trong støtte frå rivalen sin, advokat Hinkel. Kona Gunhild har han svike ved at han aldri let det bli noko fortruleg tilhøve mellom dei. Sonen Erhart ser han aldri, og synest vere like glad med det. Og når Vilhelm Foldal vedgår at han tvilar på om oppreisinga nokon gong vil kome, hogg han i at han "har ingen bruk for dig lenger". Alle omkring han blir brikker i eit maktspel, der Borkman sjølv synest meir og meir umenneskeleg.

Mange har sett portrettet av John Gabriel Borkman i samheng med aktuelle straumdrag i samtida, mer konkret med Friedrich Nietzsche og hans filosofi. Ibsen har tydeleg lagt ut spor i teksten som kan peike i ei slik lei. Musikken



Lena Sandvand

«John Gabriel Borkman» er mitt første møte med Ibsen i teatersamheng. Eg har lese mykje av Ibsen både heime og på skolen og synest det er ein spennande og interessant forfattar eg skal få debutere med.

i gravedjupet - malmens klang - kan knyttast til eit viktig innslag i Nietzsches tragedieteori, der denne kunstforma er sett i samanheng med dei dionysiske, ville og utøymelege kreftene i tilværet. Når Borkman spelar «Napoleon», har det eit sidestykke i korleis Nietzsche såg opp til den franske keisaren. Og det ordet han nyttar om advokat Hinkel - «overskurken» - kan reint språkleg peike mot omgrepet «overmennesket» frå Nietzsches filosofi.

Men viktigare enn slike ytre spor er det djupare konfliktstoffet i skodespelet. I tredje akta fortel Borkman at han vil gå ut i den røynelege verda på ny, og ta opp att arbeidet for kallet sitt. Det er her han seier dei gåtefulle orda om at «Der sker ingenting nyt. Men det, som er sket, - det gentager sig heller ikke. Det er øjet, som forvandler handlingen. Det genfødte øje forvandler den gamle handling.» Dette peikar framover mot kva som skal hende i fjerde og siste akta.

Kanskje svarar orda til Borkman og vandringa hans ut i natt og kulde til ei grunnleggjande førestelling hos Nietzsche, nemleg den idéen som går under namnet «amor fati» - elsk lagnaden din - ei livshaldning som er knytt både til maktviljen og til læra om den evige atterkomsten. For Nietzsche er viljen ein føresetnad for livsutfalding og personlegdom. Viljen er naudsynt dersom mennesket skal leve eit verkeleg fritt liv, fordi det er viljen som gir mennesket mot til å handle frametter, fridd frå fortida. Viljen gjer det mogeleg for mennesket å nå ut over seg sjølv; ved å sjå framover vil ein vinne over kjensla av død og inkje. Å seie ja til livet gjennom vilje til handling tyder at ein må handle i pakt med seg sjølv - ein må ville den same handlinga og den

same handlemåten gong på gong - ein må vinne over historia ved å å gå attende i si eiga fortid, gjere seg eitt med henne og ville henne også inn i framtida. Slik er det å vere trufast mot seg sjølv; slik er det å elske lagnaden sin - og slik kan ein ved hjelp av viljen skape si eiga framtid. Det er ei oppgåve for overmenneske.

Det er òg denne oppgåva Borkman tek på seg når han forlet det sjølvvalde fengselet sitt, der tida har stått still, for å gå ut i «den jernhårde, drømmeløse virkelighet». Han vil på ny opptre som herre og herskar over malmen i gravedjupet og over dei tusen fabrikkar og skip - det han kallar heile sitt «dype, endeløse, uudtømmelige rige». Og viljen sigrar. Han blir eitt med sine egne draumar og si eiga fortid, idet ei malmhand grip han om hjartet og drep han.

I siste akt av dette skodespelet er både scenebiletet og språket sterkt poetisk. Ella og John Gabriel strevar seg gjennom natt, snø og kulde opp mot eit slags Golgata; ei høgd der det står ein benk under eit uttørka tre. Heile scena er eit synleg uttrykk for den menneskelege kulde og død som pregar hovudpersonen. Orda til John Gabriel er tunge av bibelske minningar: «Jeg elsker eder, i livkrevende værdier - med alt eders følge af magt og ære. Jeg elsker, elsker, elsker eder!» Men bibelallusjonen er djupt ironisk, for han har gitt avkall på alt menneskeleg for dette eine - «For rigets - og magtens - og ærens skyld».

John Gabriel er mennesket som sjølv vil vere gud. Han lukkast i den grad at hans eigen øydande vilje og menneskeforakt til sist blir hans bane.

Vigdis Ystad



Marianne Krogh

Ibsen?  
Det har vore ei rolle  
tidlegare, nemleg  
Hedvig i  
«Vildanden». Det  
var mi første store  
rolle og veldig  
viktig for meg. Arild  
Brinchmann hadde  
regien og det var  
mitt første møte  
med han òg.




**Britt Langlie**

Det første eg gjorde av Ibsen var «Peer Gynt» - som skoleteater for ungdom. Nils Sletta var Peer, medan eg hadde mange ulike roller, m.a. Mor Åse og seterjente. Vi hadde berre grunnkostyme trass i at vi skifta mellom fleire roller, det var ikkje noko sminke og scenografien besto i all hovudsak av ei trapp.

Den neste Ibsenrolla mi var på Det Norske Teatret i «Keisar og Galilear», der eg i første

delen spelte Fyrstinne Helena, og Barbara og Makrina i del to. Vi såg ut som eit symfoniorkester - mennene var kledd i svart smoking og kvinnene i gallakjolar.

Til sommaren spelar eg Mor Åse for tredje året på rad i steinbrotet i Fjæreheia utanfor Grimstad. Bentein Baardson har regien, og eg hadde same rolla da han sette opp «Peer Gynt» i fjernsynet i 1993.



**Ragnhild Hilt**

Mitt første møte med Ibsen var gjennom dottera til Hans Jacob Nilsen, Eva. Inspirert av farens arbeid spilte vi «Peer Gynt» som avslutning i 7. klasse i matsalen på Smestad skole. Regien var vår egen og den var ikkje dårleg. Eg var Peer.

Neste gong eg stod på ein scene var til opptaksprøven på Teaterhøgskolen, da eg arbeidde med Hilde i «Bygmester Solness». Eg las litt med Eilif Armand og respekten min for han var ikkje ulik den Hilde har for byggmeisteren.

På teaterskolen arbeidde eg med Hedda. Hedda var ein moderne opprørar og eg identifiserte meg heilt. Vi var like. Vi var unge og vi var sinte.

Neste Ibsenrolle var som Agnes i «Brand» på Det Norske Teatret i 1973. Eg alternerte med Liv Ullmann i rolla, regien var ved Bjørn Endreson.

I 1974 gjorde eg Fru Linde i «Et dukkehjem». Liv Ullmann var Nora. Vi reiste land og strand og blei møtt med fulle hus og ovasjonar. Alle ville sjå Liv.

Det siste eg gjorde av Ibsen var Gina Ekdahl i «Vildanden». Året var 1981 og Arild Brinchmann hadde regien. Marianne Krogh var ei fin Hedvig. Gina er ei kjempande kvinne på sitt vis. Ibsen har mange av dei.

## EIN MANN MÅ GJERA DET HAN MÅ

Teatersjefen ved Teater Ibsen i Skien, Morten Borgersen, har dei siste åra markert seg sterkt som sceneinstruktør i fleire av våre viktigaste teaterhus, men han har aldri sett opp noko stykke av den store dikteren som har gjeve teatret hans namn. Er det overdriven respekt eller mangel på interesse - for makt og høve må han da ha hatt? Til å koma frå suksess på Nationaltheateret med Skammen, er han heller smålåten.

- Nei, det er vel heller det at eg i mitt instruktørliv har arbeidd mest med ny norsk dramatik, og har hatt stor glede av det. Eg har i det heile gjort lite klassikarar, og det å velja *John Gabriel Borkman* var heller ikkje min ide, men den var god for det.

Det er klart at respekten for Ibsen er stor her i landet, kanskje til og

med litt lammande, så ein tenkjer seg jo om eit par gonger.

Men dette er ikkje av dei mest spelte Ibsenstykkene, eg har sjølv berre sett det ein gong på scenen og hadde aldri lese det før, så det var ei fantastisk oppleving å dukke ned i stoffet. Eg hadde nok vore meir betenkt om det hadde vore *Et dukkehjem* eller *Vildanden*. Det å gå laus på eit mindre spelt stykke gir på ein måte ein litt større fridom.

Kva var så det første som slo deg etter å ha lese det?

- At det var overraskande moderne. At det er ei utruleg einsemd rundt dei fleste av dei vaksne personane, liv som er meir eller mindre skusla bort. Ein annan ting som slo meg var dette å prøve å leva gjennom eit anna menneske, få eit anna menneske, i dette stykket den unge Erhart, til å realisere livet sitt, draumane sine.


På førehand hadde eg tenkt på det som eit stykke om ein forretningsmann

som gjer økonomiske misgjerningar, men det ligg der berre som ein føresetnad for historia når ein ser nøyare etter.

Det ein opplever som særleg moderne er den kjølige egoismen, det å kjøre gjennom sine eigne prosjekt koste kva det koste vil, og det gjeld fleire av personane, det er få her, om nokon, som berre ofrar seg for andre eller handlar berre ueigennyttig. Dette trur eg mange vil kjenne seg att i.

Det er jo ein del tema som går att hos Ibsen, livsløgna, bortkasta kjærleik, tilhøvet far son osv.


- Ja, det er klart at det å leva på illusjonar er eit tydeleg trekk ved liva til den sentrale trekanten i stykket, Borkman og dei to kvinnene hans, søstrene Gunhild og Ella. Kvar på sin måte bygger dei opp luftslott, og slik finn vi fellestrekk med t.d. *Vildanden*. Men etter kvart som vi har arbeidd oss inn i stykket så synest eg nok at sviket, kjærleikssviket, sviket mot seg sjølv, det



Erland Bakker

Erhart er mi første Ibsenrolle etter teaterhøgskolen. På skolen var eg innom Ibsen. Vi spelte «Ibsen-ringen» – utdrag frå ulike stykke av Ibsen snudd på hovudet – bokstaveleg talt – i ein brytering. Vi hadde òg ein scene frå «John Gabriel Borkman», der eg spelte Erhart i bleie, som eit stort barn dregen mellom dei vaksne i livet hans.





**Sverre Bentzen**

**Eg har aldri spelt Ibsen på nynorsk tidlegare. Det første møtet mitt med Ibsen var i dårekista da «Peer Gynt» blei satt opp ved Rogaland Teater i 1978. Jan Grønli spelte Peer og vi reiste til Beograd Internasjonale Teaterfestival med stykket. Det var første gongen Noreg var representert der. Vi spelte den òg på Oslo Nye Teater.**

**På Trøndelag Teater hadde eg rolla som Hjalmar Ekdal i «Vildanden», Jørgen Tesman i «Hedda Gabler» og var ein av fleire som delte på rolla som Peer Gynt da dei sette det opp på åttitalet. Rolla var nemleg delt mellom den unge Peer som blei spelt av Per Egil Aske, den vaksne Peer som eg spelte og den gamle Peer som såg tilbake på livet sitt. Joachim Calmeyer var den gamle.**

å avskjere seg frå at kjærleiken skal bety noko i livet, er eit meir sentralt tema. Korleis desse tre står ribba att når Erhart til slutt følgjer sin kjærleik og reiser, det gjer eit sterkt inntrykk.

**Det er litt av eit mannsporett han gir oss den gamle meisteren.**

- Det er i det heile ei ganske maskulin verd vi får presentert med Borkman og sonen, trass i dei sterke kvinnene, to menn med parallell vilje. Borkman er ein svært samansett person, og derfor er det så mange likeverdige val ein kan gjera for å framstille mannen. Det ville

vera alt for enkelt t.d. å legge han opp mot ein slags kynisk, kapitalistisk arketyp frå vår eiga tid, da ville han bli eit reint postulat. Dersom ein ikkje går inn og framstiller ein mann som trur på draumane sine og som rettar livet sitt inn på å nå sine mål, ja som til og med legg vekt på å vera eit gagns menneske, så mister ein ein vesentleg dimensjon. Borkman er ein dyktig og truverdig gründer. Men han trødde feil i ei avgjerande stund. Borkmans idealisme er jo på ein måte både forståeleg og langt på veg prisverdig, men så er det desse store men, som balanserer stykket og gjer det så mangetydig.

*Ola E. Bø*



17382




**Åse Hegrenes**

«Peer Gynt» var mitt første - og til no einaste - møte med Ibsen. Eg hadde scenografien og kostyme da Ritva Sikkala sette stykket opp ved Teatret Vårt hausten 1994. Det var ein sprek og fargerik «Peer Gynt».

# Heimebanken

-full oversikt




Med Fokus heimebank har du til ei kvar tid oversikt over økonomien din.

Du kan sitje heime i ro og mak og betale rekningane dine. Du får full oversikt over kva som er betalt tidlegare - og om det ligg oppdrag inne til seinare betaling.

Når du treng det, kan du overføre beløp mellom egne kontoar.

Rimeleg er det óg.





Depotbiblioteket



00sd 17 382

det norske teatret